

Saksframlegg

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 16/4044-1

Årsmelding 2015 - Kontrollutvalet

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Årsmelding 2015 for kontrollutvalet vert godkjent slik den ligg føre.

Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Årsmelding 2015 for kontrollutvalet vert teken til orientering.

Vedlegg:

- Årsmelding 2015 - Kontrollutvalet

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til fylkestinget, jf. Kommunelova § 77 nr. 6.

«Årsmelding 2015 – Kontrollutvalet» er utarbeidd for å gje fylkestinget oversikt over utvalet sitt arbeid i 2015.

Kontrollutvalet får årsmeldinga til handsaming og gjer dei endringar som utvalet meiner er rette for at meldinga skal gje eit rett bilete av utvalet sitt arbeid.

Kontrollutvalet vedtek årsmeldinga, og den går deretter til fylkestinget som orienteringssak.